



# Årleg melding

## Samhandling i Møre og Romsdal 2019

## **1 Innhold**

2	Innleiing .....	3
3	Visjon, mål .....	3
4	Samandrag .....	3
4.1	Innføring av Helseplattforma .....	4
4.2	Møteplass Møre og Romsdal/Behandlarfagråd .....	4
4.3	Samhandlingsavtala er i ein revisjonsprosess .....	5
5	Samhandlingsstrategi .....	5
5.1	Barn og unge .....	6
5.2	Barneblikk .....	7
5.3	Framtidsretta pasientforløp for den eldre multisjuke .....	9
5.4	Psykisk helse og TSB .....	10
5.5	Akuttmedisinske kjede og samarbeid om krise- og katastrofeberedskap .....	11
5.6	Innføring av palliativ plan i Møre og Romsdal .....	12
5.7	Koordinerande einingar (KE), individuell plan og koordinator .....	13
5.8	Barn som pårørende (BSP) .....	14
5.9	Pårørende og pasientopplæring .....	15
5.10	Digital samhandling .....	16
6	Praksiskonsulentordninga .....	17

## 2 Innleiing

Formålet med årleg melding er å rapportere om framdrifta innafor samhandlingsfeltet generelt med eit særleg fokus på utviklinga innafor dei prioriterte fagområda. Det vil bli peika på kva for retning og utvikling ein arbeider mot innafor dei fleste strategiområda. Det er eit mål at det etter kvart blir ein klar samanheng mellom samhandlingsstrategi, handlingsplanar og rapportering i form av «Årleg melding».

## 3 Visjon, mål

**Visjon:** Samhandling for å utvikle pasienten sitt helsevesen i Møre og Romsdal

**Målet:** Heilheitlege behandlingsforløp med klar ansvarsdeling i og mellom helseføretak og kommune

## 4 Samandrag

Samtlege omtala samhandlingsområder er forankra i gjeldande utviklingsplan for perioda 2018 – 2022. Det er tre samhandlingsområder som har vore med å prega arbeidet innafor samhandling i både i 2018 og 2019. Det er:

- Helseplattformen
- Behandlarfagråd (Retningslinene: Møteplass Møre og Romsdal). Fagleg møteplass for legar i kommunehelsetenesta og legar i spesialisthelsetenesta
- Felles læringsnettverk for helseføretak og kommunane for «Gode pasientforløp for eldre og kronisk sjuke pasientar» = «Framtidsretta pasientforløp for den eldre multisjuke pasient»

Frå utviklingsplanen, så er desse områda vidareført:

- Barn og unge
- Barneblikksatsinga
- Prioritere psykisk helsevern og rusbehandling
- Styrking av akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus

I tillegg inngår disse viktige tema i samhandlingsstrategien:

- Realisering av palliativ plan
- Revisjon av Samhandlingsavtala
- Pasient- og pårørande opplæring
- Koordinerande eining og barn som pårørande (BSP)

Det er utarbeida [delrapportar](#) for dei ulike innsatsområda, med mål og tiltak for planperioda.

#### **4.1 Innføring av Helseplattformen**

Helseplattforma skal anskaffe og innføre ny, felles pasientjournal (PAS/EPJ) for heile helsetenesta i Midt-Norge. Det er første gong det blir etablert ei felles journalløysing for kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta, fastlegar og avtalespesialistar. Gjennom Helseplattforma er Midt-Norge regional utprøvingsarena for det nasjonale målbildet «Én innbygger - én journal». Helseplattformen eiges av Helse Midt-Norge RHF og Trondheim kommune. Alle kommunane i Møre og Romsdal og Trøndelag har opsjonsavtale knytt til Helseplattformen, og deltek aktivt i oppsettet av løysinga.

Alle sjukehusa i regionen skal ta i bruk Helseplattforma, det betyr at alle kommunane må forhalde seg til den nye løysinga uavhengig av om dei utløser opsjonen sin eller ikkje.

I 2019 blei det etablert 85 fagekspertgrupper og 35 spesialistgrupper der dei jobbar direkte med løysningsbyggjarane og tilsette frå Epic. Fagekspertgruppene tek for seg arbeidsprosessar innan eige felt. Spesialistgruppene tek for seg det innhaldet i løysingane i det som er fagspesifikt og har ein eigen arbeidsflyt.

Leiarar frå innføringsprosjektet innafor Helseplattformen deltok regelmessig på samhandlingsmøter, i dialogmøter mellom helseføretaket og kommunane, i Overordna samhandlingsutval og Lokale samhandlingsutval. Dette for å halde partane informert om framdrifta i innføringsprosjektet, bidra til diskusjon, refleksjon, modningsarbeid og sikre forankring av satsinga.

Samarbeidet mellom helseføretak og kommunal sektor har vore godt i 2019. Det vil og være viktig gjennom 2020 for å sikre ei saumlaus helseteneste og smidige overgangar når løysingar vert sett opp. Frå 1. januar 2020 er det etablert eit eige fylkeskontor i Møre og Romsdal som skal ha ti tilsette. Det er satt opp ei nettside for det lokale innføringsprosjektet i Møre og Romsdal.

Informasjon om kva som skjer når, samt informasjon om kven frå Møre og Romsdal som er involvert, finn du [her](#).

#### **4.2 Møteplass Møre og Romsdal/behandlarfagråd**

Formålet med etablering av Møteplass Møre og Romsdal er å skape ein arena for å vidareutvikle medisinsk samhandling mellom spesialisthelsetenesta og legar utanfor sjukehus. Samhandling er oppgåvefordeling mellom pasient, behandlarar i kommunane og behandlarar i spesialisthelsetenesta. Målet med oppgåvefordeling er å skape hensiktsmessig arbeidsfordeling for å utnytte dei faglege og økonomiske ressursane på best mogleg måte. Pasienten sitt beste skal vere førande for oppgåvefordelinga. I Møre og Romsdal har vi hatt ein kultur for godt samarbeid mellom behandlarar på og utanfor sjukehusa. Det er viktig å vidareføre det som fungerer og justere det som kan bli betre. Vi ønskjer no å formalisere dette samarbeidet ved at det er etablert eit felles behandlarfagråd. Det er utforma eigne retningslinjer for å sikre god samhandling mellom behandlarar i kommunane og Helse Møre og Romsdal. Formålet er å sikre samhandling og oppgåvefordeling mellom behandlarar i sjukehus, behandlarar i kommunane og pasientane.

#### **4.3 Samhandlingsavtala er i ein revisjonsprosess**

Dei lovpålagte Samhandlingsavtalane skal bidra til å konkretisere oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF (sist revidert 29.04. 2015). Overordna samhandlingsutval tok i 2017 initiativ til at det blei oppretta eit arbeidsutval som fekk i mandat å leie arbeidet mot ei evaluering av Samhandlingsavtala mellom kommunane og helseføretaket i Møre og Romsdal. Formålet var å undersøke om Samhandlingsavtala slik den er utforma no, understøtter den faglege utviklinga og samhandlinga mellom partane på ein formålstenleg måte. Konklusjonen på denne evalueringsprosessen var at det må etablerast ein prosess for å fornye Samhandlingsavtalen. I 2018 blei det etablert eit forhandlingsutval for å gjennomføre ein prosess for å fornye Samhandlingsavtala med mål om å få eit oppdatert avtaleverk som understøttar ei god fagleg utvikling der pasientane erfarer at dei møter heilscapelege og samanhengande helsetenester. I 2019 vart det fatta politiske vedtak i kommunane på Nordmøre med oppseiling av samhandlingsavtalen, som ein reaksjon på eit styrevedtak knytt til helseføretaket sin omstillingsprosess og forslag om strukturendringar.

Samhandlingsavtalen er under revisjon og blir etter planen ferdigstilt i løpet av 2020.

Meir om revisjonsarbeidet kan lesast [her](#).

## **5 Samhandlingsstrategi**

Samhandlingsreforma er ei samfunnsreform som har gitt kommunane ei viktigare rolle når det gjeld å sørge for nødvendige helse- og omsorgstenester til innbyggjarane. Intensjonen er både å styrke kvaliteten på helsetenester og at fleire helsetenester skal bli tilbydd nærmare der folk bur. Kvaliteten og kapasiteten på tenestene i kommunane er avgjerande for etterspurnaden etter spesialisthelsetenester. Reforma er eit nasjonalt prioritert område, der hovudmålet er ei betre utnytting av dei samla ressursane, fokus på å førebygge og avgrense sjukdom og meir heilskaplege pasientforløp.

Helseføretaka blir utfordra til meir og betre samhandling for dei pasientane som treng tenester frå begge tenestenivå. Dette er vektlagt i den nyleg framlagde helse- og sjukehusplanen (NHSP) (2020-2023). Her blir bodskapet gjentake ved at det blir vist til at spesialisthelsetenesta må legge til rette for at dei store pasientgruppene med kroniske og samansette problemstillingar, i størst mulig grad får sine tenester nær der dei bor. Det «utadretta sjukehuset» som både kan tilby virtuelle og fysiske tenester er omtala og tilrådd. Dette blir særskilt viktige områder å jobbe med komande år.

NHSP tilrår også at ein opprettar 19 helsefellesskap mellom helseføretaket og kommunane for å sikre gode tenester for barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidinger og rusproblem, skrøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidinger.

I arbeidet med revisjon av samhandlingsavtalen blir desse føringane følgt opp ved å utvikle samhandlingsstrukturen i tråd med prinsipp for helsefellesskap.

Desse sentrale føringane er vidareført i Oppdragsdokumentet 2020 for Helse Møre og Romsdal HF og skal vektleggast i arbeidet med neste utviklingsplan. I tillegg til prioriterte pasientgrupper, skal Helse Møre og Romsdal HF gjennomgå akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus i samarbeid med

kommunane, fastsette konkrete mål for flytting av tenester heim til pasientane ved hjelp av teknologi.

## 5.1 Barn og unge

Klinisk samhandlingsutval for barn og unge.

Generelt for 2019/2020: I 2019 slutta 4 kommunerepresentantar i utvalet; der ein også hadde leiarfunksjonen. Det har teke tid for regionråda å oppnemne nye representantar. Det har derfor berre vore eit møte i utvalet i 2019. I 2020 blir det viktig å etablere utvalet på nytt med nye kommunale representantar som er oppnemnt, brukarrepresentant og representantar frå fagområda barn og unge psykisk helse, pediatri og barnehabilitering.

Det er no oppnemnt avdelingssjef frå klinikkråd som vil være med å sikre forankring av arbeidet som blir gjort i utvalet i klinikkrådet for kvinner, barn og ungdom. Det manglar no berre oppnemning av ein representant før utvalet kan vere i gong igjen.

Klinisk samhandlingsutval barn og unge har i utviklingsarbeidet «Utviklingsplan 2019-2022(2035)» utarbeida delplan ««Utviklingsplan barn og ungdom Møre og Romsdal 2019-2022(2035)». Den kan lesast [her](#).

**Mål:** Barn/ungdom med samansette behov får rett hjelp på rett stad til rett tid.

For å kunne sikre forsvarlege og gode helsetenester for barn og ungdom i Møre og Romsdal, er det viktig å sikre forutsigbare samarbeidsformer, både mellom kommunale tenester og spesialisthelsetenestaog innad i kommunane og helseføretaket. Det er viktig at samarbeidet er tydeleg, forpliktande og forankra i leiinga. Under har vi oppsummert tre innsatsområder som i særleg grad vil vere nødvendige for å nå måla om å skape heilheitlege, likeverdige og gode helsetenester for alle barn og unge i Møre og Romsdal.

1. God kvalitet på **samhandling mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta** for barn og unge
  - Etablering av læringsnettverk med representasjon frå kommuner på Sunnmøre, Romsdal, Nordmøre med fokus på samarbeid/samhandling.
  - Samhandling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. Implementering av «Samordning av hjelpetilbud barn og unge» («Kvalitet i alle ledd») og «Mission Possible».  
Status 2019: Læringsnettverk er ikkje starta.  
Informasjon er gitt på konferanse om «Samordning av hjelpetilbud barn og unge» («Kvalitet i alle ledd») og forløpet blir haldt ved like og ligg ut i EQS public. Nettverket «Mission Possible» er lagt ned på Sunnmøre.
2. Behov for **eiga samhandlingsavtale** med fokus barn og ungdom mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal.  
Status 2019: Det er foreslått eigen samhandlingsavtale med fokus barn og ungdom mellom kommunane i Møre og Romsdal og helseføretaket. Dette er eit av dei forslaga som blir vurdert i den pågående revisjonsprosess av samhandlingsavtalen. Det foregår no ei vurdering om ein skal utarbeide samhandlingsavtale/retningslinje for samarbeid generelt i Helse Midt - Norge. Det er

fremma forslag om eigen samhandlingsavtale for barn og unge til forhandlingsutvalet som arbeider med revisjon av samhandlingsavtala. Det er viktig å gjenoppta fokuset på eigen samhandlingsavtale/faglege retningsliner for barn og ungedom når dette blir mulig igjen.

3. Etablering av **faste møtepunkter på leiarnivå** mellom kommunehelsenesta og spesialisthelsetenesta for barn og ungdom.

Status 2019: Diskutert, men ikkje gjennomført.

## 5.2 Barneblikk

Barneblikksatsinga er Helse Møre og Romsdal sitt svar på oppdraget frå HOD om å etablere lavterskelttilbod til gravide og småbarnsfamiliar som er berørt av rus eller psykiske vanskar. Resultatet er Barneblikk familieteam (BBF) som er starta i samarbeid med vertskommunene til dei fire sjukehusa i fylket og består av tilsette frå helseføretaket og vertskommuna. Det er etablert Barneblikk familieteam (BBF) i Ålesund og Molde, medan tilsvarande team er under etablering i Kristiansund og Ulstein. På sikt skal tilboden ha nedslagsfelt i heile fylket.

### Avklaringar av målgruppa til Barneblikk familieteam (BBF)

- Ved første kontakt skal familiene vente eit barn eller ha eit barn under 1 år.
- BBF har eit heilskapleg familieperspektiv og skal inkludere alle familiemedlemene. Ved årsskiftet var det 65 familiar og nærmare 200 personar som fekk oppfølging av BBF.
- BBF skal tilby hjelp til familiar med «lettare til moderate vanskar». I avklaringssamtalar med familiene vert ein einige om kva teneste som kan hjelpe familiene best. Teamet må bruke meir tid til å definere denne avgrensinga. Heilskapleg familieperspektiv har liten plass i mange tenester, noko som gjer Barneblikk aktuell for mange familiar. Det er likevel naudsynt å avgrense målgruppa slik at familiar med lettare vanskar vært prioritert, jf. mandatet.
- BBF skal vere eit lavterskel-tilbod der familiar sjølve kan ta kontakt, ingen ventetid og ikkje krav om tilvising.
- Ved årsskiftet var det overvekt av vanskar knytta til psykisk helse i familiene. Fleire foreldre strevar som følge av eigen oppvekst og pårøranderolle. Det er ofte mor som strevar når BBF kjem i kontakt med familiene, men BBF vert ofte kjend med utfordringar for far og søsken også.

### Arbeidet med forankring av Barneblikk familieteam

- Avtale om Barneblikk familieteam (BBF) er undertekna av administrerande direktør i Helse Møre og Romsdal (HMF) og rådmann i Ulstein, Ålesund, Molde og Kristiansund. Oppdraget er formelt overført til vertskommunene, medan HMR pliktar å stille personalressursar i dei fire familieteama. I tillegg skal HMR stille ressursar til koordinering av Barneblikk i fylket. Innleigeavtalar for tilsette i BBF er på plass.
- Styringsgruppa har hatt 4 møter i 2019. Kommunalsjefen i Kristiansund gjekk ut av gruppa på våren, men det lokale arbeidet held likevel fram. Ulstein kommune kom i gong med planprosessen på våren og kommunalsjefen for helse og omsorg kom inn i gruppa.
- Oppstart av BBF i Ulstein og Kristiansund er planlagt frå ca. sommaren 2020.
- I kvar lokalisasjon er det oppretta tverrfaglege prosessgrupper som har hatt 2-4 møter. Tema i prosessgruppene i Ålesund og Molde har vore samarbeid mellom BBF og andre tjenester. I Ulstein og Kristiansund har tema vore forankring og modell for BBF.

### Organiseringa i Barneblikk familieteam

- BBF er organisert i, eller i nær tilknytning til, helsestasjonen. Det er utnemt ein fagansvarleg for kvart BBF som skal sikre lokal koordinering. Dei fagansvarlege har hatt 4 møter for samkøyring av BBF-tilboda i fylket.
- BBF har relevant kompetanse til å støtte og løse familiene. Likevel ser ein behov for eit større samarbeid med tenester innan psykisk helse for vaksne.
- Ålesund kommune og Molde kommune har starta diskusjonar om ressurssituasjonen etter kommunesamslåinga og auka nedslagsfelt.
- Med tanke på eit framtidig nedslagsfelt i heile Møre og Romsdal fekk Overordna samhandlingsutval ei oppdatering om Barneblikk.

#### **Brukarmedverknad i Barneblikk**

- I BBT er det familien sjølv som avgjer kva dei ønsker hjelp til, kva hjelpe skal bestå i, og kor ofte. Fleire familiar har sagt at dei er særskilt nøgde med at heile familien vert inkludert.
- Det er 1-2 erfarringsrepresentantar (inkludert Brukarutvalet i HMR) i styringsgruppa og i prosessgruppene, tilsaman 8 stk.
- Det er gjennomført 2 samlingar med erfarringsrepresentantane i 2019.

#### **Dei første spora av resultat (basert på vurderingar frå tilsette i BB)**

- BBF treff dei yngste og mest sårbare barna.
- I tillegg til å hjelpe mor og spebarnet, blir BBF kjend med vanskar hos far og søsken.
- Bruken av verktøyet Funksjonssirkelen og den tverrfaglege vurderinga fangar opp eit større bilet av barnet sin situasjon. BBF kan difor lettarer sette i gong meir treffsikre tiltak. BBF kan gje rettleiing og støttesamtalar, samstundes som ein raskt kan løse barna og foreldrene som treng noko meir til andre hjelpetenester. Dette bidreg til å redusere strevet i familien.
- Det er lettare for foreldre å nyte seg av hjelpe når vanskane er moderate, dei opplever raskare bedring og auka motivasjon for endring. Fleire av foreldra har sagt at det er trygt at BBF kan følge dei heilt fram til yngste barnet startar i skulen.
- Samarbeidande tenester opplever at det er enklare å etterspørre rus og psykisk helse når dei har BBF å tilby. Det er dessutan enklare for familiane å ta imot hjelpe før vanskane vert så store at kontrolltiltak frå barneverntenesta er aktuelt.

#### **Andre merknader**

- Marknadsføring: Brosjyrer om BBF er utarbeida og distribuert. Det er orientert om BBF hos samarbeidande tenester og på diverse konferansar. Det har vore 7 nyheitsartiklar på BB heimesida, men liten kapasitet til oppdatering av nettsida. Informasjon om BBF er lagt inn på tenestene sine nettsider i vertskommunen og HMR. Reportasje i Romsdals Budstikke, i NRK M&R tv og radio i mars.
- Kompetanseheving: «Legar med barneblikk» er gjennomført i Ålesund, medan Molde og Kristiansund ikkje har prioritert ordninga. 22 stk. deltok på studietur til Stangehjelpa. 3 stk. frå BBF har tatt opplæring i COS-P. 1 stk. frå BBF vart sertifisert i ASQ-SE. 1 stk. frå BBF fekk opplæring i MBT. 4 stk. frå BBF deltok på Barnet & Rusen. 35stk. frå BBF og samarbeidande tenester deltok på kurs i Barneperspektivsamtal.
- I samarbeid med ulike aktørar har prosjektet Familiejournal vore planlagt. Sidan det ikkje vart innvilga innovasjonsmidlar frå HMN til prosjektet, vart prosjektet utsett inntil vidare.
- Forsking vart ikkje gjennomført i 2019.

#### **Neste stega i Barneblikk**

- Tydeleggjere ansvar mellom leiarnivåa som er involvert BBF

- Vidare avklaring av målgruppa, og kva som ligg i tidleg inn og lavterskelt tilbod
- Konsekvensar av kommunesamanslåinga og auka nedslagfelt
- Oppstart av BBF i Ulstein og Kristiansund
- Vurdering av prosessgruppene si rolle
- Korleis nytte erfarringsrepresentantane betre

### **5.3 Framtidsretta pasientforløp for den eldre multisjuke pasient**

Dette er ei fellessatsing i Møre og Romsdal, der det har vore etablert tverrfaglege forbetringsteam ved dei fire sjukehusa og i 31 kommunar. Satsinga blei i 2017 ein del av det nasjonale læringsnettverket i arbeidet for «Gode pasientforløp for eldre og kronisk syke pasienter» i regi av Folkehelseinstituttet og KS. Læringsnettverket har gått over to år og omfatta fire to-dagars samlingar og ei femte og siste erfaringssamling. På erfaringssamlinga, som blei arrangert i september 2019, fekk forbetringsteama høve til å presentere status og framdrift i eige arbeid. Det har vore lagt til rette for at dei ulike teama kan dele erfaringar med kvarandre. Mellom samlingane har det blitt gitt tilbod om oppfølging i grupper for å dele erfaringar og få drahjelp i det vidare arbeid. Formålet med arbeidet er å sikre pasienten sitt behov for heilskapelege, trygge og koordinerte tenester.

I 2019 har temaet brukermedverknad og pasienten si rolle som ein samhandlande part i eige forløp blitt vektlagt. I den samanheng er det naturleg å vise til at «Kva er viktig for deg? –dagen», blei markert for andre gong i helseføretaket i 2019. Markeringa av denne dagen er forankra både i helseføretaket sin utviklingsplan og i arbeidet med pasientforløpet for den eldre multisjuke pasient. Det at brukarstemma skal vere tydeligare i behandling og oppfølging blir understreka i dei faglege føringane frå nasjonalt hald, som i helse- og omsorgsministeren si årlege sjukehustale og i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2020 -2023).

I 2019 blei det arbeidd for at det å planlegge neste behandlingsnivå (plan ved forverring), for den alvorleg kronisk sjuke pasient, skal vere meir vanleg i pasientforløpa. Dette gjeld særleg den eldre multisjuke pasient som får tenester både frå kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. I denne samanheng blir det arbeidd for å bredde bruken av palliativ plan som verkty for ei heilskapeleg tilnærming for pasientar som både har behov for medisinsk behandling og palliasjon. Målgruppa er pasientgrupper som har ulækjeleg sjukdom som kols, kreft, hjartesvikt, demens og nedsett helse som følgje av skrøpelegheit. I 2020 er det eit særleg fokus på å auke kunnskap om planverktøyet palliativ plan i helseføretaket.

Oppfølgingsgruppa har vore tett på forbetringsteama og arrangerte sjukehusvise workshops for læringsnettverket med god deltaking frå teama. Formålet med samlingane var å gje fagleg påfyll på etterspurde områder frå forbetringsteama og kom i tillegg til dei fylkesvise samlingane i læringsnettverket. Tema på dei sjukehusvise faglege samlingane i 2019 var i hovudsak «kva er viktig for deg? – samtala», tavlebruk og målemetodikk. I tillegg har det vore satsa på opplæring i auka observasjonskompetanse i kommunehelsetenesta. Denne opplæringa har blitt og blir tilbydd til alle kommunane i fylket av Utviklingsenteret for sykehjem og hjemmetjenester. Tiltaket er finansiert av Fylkesmannen.

I september 2019 var omkring 40 inviterte fagpersonar frå helseføretak og kommunar samla til workshop for å drøfte om bruken av palliativ plan kunne vere relevant for den multisjuke eldre pasient. Erfaringar som kom fram i samlinga tilsa at ein bør bruke dette planverktøyet i ei tidlegare

fase og overfor fleire pasientgrupper. Det å bredde kunnskapen om og bruken av palliativ plan er eit viktig satsingsområdet i høve til det vidare arbeidet med den eldre multisjuke pasient.

Deltaking i læringsnettverket og faglege workshop har ført til ei felles fagleg plattform, der ein utveksla erfaringar, fått samarbeidsrelasjonar, delt idear og reflektert over eige arbeid. Når læringsnettverket no er avslutta er det viktig at kunnskapsgrunnlaget som er skapt blir vidareført for å sikre vidare utvikling. Endringsarbeid i dette omfang krev meir tid enn to-tre år for å bli iverksatt på alle områder.

Ein kjem attende på oppfølging av satsinga etter at læringsnettverket er avslutta i eiga sak.

#### 5.4 Psykisk helse og TSB

Det vart for perioda 2016 - 2018 utvikla ein samhandlingsstrategi for pasientar med rus- og psykiske helseplager, som i 2018 vart erstatta med ein utviklingsplan på føretaksnivå «prioriterte områder for psykisk helsevern og rusbehandling (TSB)», som kan lesast [her](#). Samhandlingsstrategien er justert tilsvarande.

Målet med utviklingsplanen har vore å lage ein kort og lesarvenleg utviklingsplan, kor det er lagt ein plan for at ein i åra framover skal få til; «Helhetlige behandlingsforløp med klar ansvarsfordeling i og mellom helseforetak og kommune» for å nå visjonen «Samhandling for å utvikle pasientens helsevesen i Møre og Romsdal» (samhandlingsstrategi 2019 – 2022 HMR).

Utviklingsplanen vart utarbeida av ei samansett arbeidsgruppe, på tvers av fagfelte psykisk helse, tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) og habilitering, kommuner, brukerrepresentantar og tillitsvalte.

Følgjande 4 samhandlingsområde vart beslutta prioritert i perioden 2019 - 2022;

- Likeverdig behandling uavhengig av kva for kommune du bur
- Oppgåveoverføringa frå spesialisthelsetenesta til kommunane
- Pasientar med samansette psykiske- og rusrelaterte lidinger
- Helsefremmande og førebyggande tiltak

Arbeidsgruppa hadde ikkje hatt møter i 2019, men ein ser likevel at det skjer endringar som ligg i utviklingsplanen, som også vist til i Årlig melding i 2018.

Spesielt i dei store kommunane har vi gode samarbeids- og møtearenaer med fokus på pasientbehandling, men også med fokus på kompetanseoverføring mellom nivåa. Trenden innanfor TSB fortsatt ei sterkt auke av pasientar som får sitt tilbod i eige helseforetak, og kor ein arbeider i tett samhandling med psykisk helsevern og kommunane.

I 2019 har vi i auka fokuset på rop-forløp knytt til samarbeid med Molde og Ålesund kommune og klinikk for psykisk helse og rus. Vi skal i 2020 sjå på muligheita for å favne om fleire av storkommunane som nå har oppretta dette tilbodet.

Vidare har TSB fortsatt ei aktiv rolle inn i Barneblikk, der vi går inn 25% både i Ålesund og Molde ved kommunen sine einingar.

TSB hadde også i 2019 ei aktiv konsulasjonsteneste ved Ålesund sjukehus, med dagleg oppmøte på vekedager. Det ble gjennomført 216 konsulasjonar med pasientar der ein såg at sjukdomsbiletet er relatert til rus.

Hausten 2018 kobla også KoRus seg på prosjektet, og vi utvida prosjektet til å sette eit høgre fokus på dei eldre. Dette blei videreført i 2019. Det er no skreve ein søknad, som skal brukast til å søkje midlar for ei 3. årig prosjektstilling knytt til Ålesund kommune. Målet med prosjektet er at vi ynskjer å rette fokus på dei mange eldre pasientane med skadeleg rusmiddelbruk, som har utvikla eller står i fare for å utvikle både rusmiddelproblem og rusrelatert somatisk sjukdom og skade. Pasientforløp mellom spesialisthelsetenesta og kommune for eldre pasienter som har motteke ruskonsulasjonsteneste ved Ålesund sjukehus, samt identifisering, intervenering og pasientforløp for eldre pasienter med skadelig rusmiddelbruk som mottar hjemmesykepleie, er to hovedretningar for prosjektet. Prosjektet har vi valgt å kalle «60PlussPakkenPasient»

Aktuelle tiltak og aktiviteter ved prosjektoppstart vil vere:

- Tilbod om kartlegging av rusmiddelvanar
- Tilbod om samtale om rusmiddelvanar
- Informasjonsbrosjyrer
- Tilbod om fellessamtale med pårørande om rusmiddelvanar
- Tilbod om kontakt med ruskonsulent ved Ålesund sjukehus ved planlagt somatisk innlegging
- Tilbod om vurdering av nytte av velferdsteknologiske tiltak i heimen mtp rusmiddelvanar
- Tilbod om fellessamtale med fastlege om rusmiddelvanar
- Informasjon om aktuelle dagtilbod for eldre og/eller eldre med skadelege rusmiddelvaner
- Opplæring i selvhjelpsverktøy (eks SURE) for å vurdere betring knytt til rusmiddelbruk og korleis viktige livsfaktorar utviklar seg over tid

#### **Pakkeforløp:**

Når det gjelder pakkeforløp innenfor TSB har vi kome godt i gang og har fått satt det meste i system etter å ha hatt eit høgt fokus og systematisk arbeid i seksjonane.

Avd. TSB er fornøgd med at pakkeforløpet har kome og ser på dette som eit godt verkty for å systematisere og å sikre gode pasientforløp. Utfordringane er at vi skulle ha hatt fleire spesialistar, spesielt psykologar. Ein har i løpet av 2019 omstilt stillingsressurser og dermed fått på plass ein psykolog til i poliklinikken i Ålesund. Avd. for TSB fortsetter også i 2020 å ha eit høgt fokus på pakkeforløp TSB og er også i gong med å implementere pakkeforløp «gravide og rus».

## **5.5 Akuttmedisinske kjede og samarbeid om krise- og katastrofeberedskap**

Akuttutvalet har gjennomført to møter i 2019. Fokus har vore forbetringar/endringar i delavtale 6, om beredskapsplanar og akuttmedisinsk kjede. Forslaget frå akuttutvalet inneber å dele akuttutvalet i to utval. Det er foreslått at det blir etablert eit eige utval for helseberedskap og samfunnssikkerhet og eit utval for samarbeid i den akuttmedisinske kjede. For å sikre samanhengen mellom utvala, er det foreslått at det deltek eit medlem frå beredskapsutvalet i møta til akuttutvalet. Det er også forslag om å formalisere eit akuttmedisinsk nettverk under akuttutvalet som ivaretak

problemstillingar relatert til dagleg samhandling. To medlemmar har gått av med pensjon i løpet av 2019, og to nye medlemmar har kome inn i utvalet.

## 5.6 Innføring av palliativ plan i Møre og Romsdal

Arbeidet med innføring av palliativ plan i Møre og Romsdal har gått over fleire deltrinn. Trinn 1 handla om å auke kompetanse, trinn 2 handla om samarbeid på tvers, kartlegging og forståing av kva ein palliativ plan er, trinn 3 handlar om implementering og evaluering av arbeidet. Vi er no godt i gong med trinn 3. Vi vurderar å legge til eit trinn 4 som handlar om auka kompetanse i forhåndssamtalar og etisk refleksjon. Begge tema er viktig for kunne anvende palliativ plan i palliativ omsorg.

### Mål og målgrupper:

Vi har tre målgrupper for prosjektet:

1. Den samla befolkninga i fylket, som vi ønskjer skal ha kjennskap til palliativ omsorg og palliativ plan.
2. Pasientar i Møre og Romsdal som har fått ein palliativ diagnose, og deira pårørande.
3. Hovudmålgruppa for prosjektet er helsepersonell innan pleie og omsorg, fastleggar, samt spesialisthelsetenesta i Møre og Romsdal.

**MÅL:** Implementering av palliativ plan i Møre og Romsdal.

**Å bidra til best mogleg livskvalitet for pasientar og pårørande**, gjennom innføring og bruk av ein felles palliativ plan i Møre og Romsdal. Arbeidet er eit viktig bidrag til betre samhandling mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta i heile fylket, og for å auke kvaliteten på den palliative omsorga.

### Erfaringar :

I 2018 starta implementeringa i alle kommunar i Møre og Romsdal og i helseføretaket. Vi gjennomførte store kick off arrangement og samla opp i mot 400 helsepersonell i heile fylket. Vi gjentok det heile i starten av 2019 og hadde då erfaringssamlingar. Desse samlingane viste at kommunane er godt i gong, men at vi må ha enno meir fokus på bruk av palliativ plan til andre pasientgrupper enn kreft, kome tidligare i gong med å opprette planane og palliativ plan i sjukehusa. Dette har vore eit hovudfokus i 2019. Vi har hatt eit tett samarbeid med ressursgruppa for framtidssretta pasientforløp for eldre multisjuke pasientar. Ei felles samling med ressursgruppene for palliativ plan og eldre multisjuke førte til stor grad av einighet om å tilby palliativ plan til denne pasientgruppa.

Vi har hatt eit særleg stort fokus på å informere om kva palliasjon faktisk er for noko. Her har vi som helsepersonell ein stor jobb å gjere, og vi må kanskje starte med oss sjølve. Alt for mange forbind palliasjon med ordet død. Slik er det ikkje. Palliasjon handlar meir om livet enn om døden. Det handlar om kva vi kan gjere saman for at pasient og pårørande skal oppleve så god livskvalitet som mulig heile livet. Det handlar om å leve heile livet, å leve til ein døyr. Skal vi helsepersonell klare å selje inn dette til befolkninga generelt må vi starte med våre eigne haldningar. Vi må bruke etisk refleksjon og systematisk arbeide med korleis vi kan verte meir bevisste på dette.

Vi har utbetra vår nettside [www.palliativplan.no](http://www.palliativplan.no). Ein ny film om palliativ plan er utarbeida. Den har vore vist i heile fylke og fleire plassar i landet. Her ligg alle prosedyrane, brosjyre om palliativ plan på norsk og engelsk, samt anna nyttig informasjon.

I 2018 hadde vi ei stor kick off samling for nærmere 450 helsepersonell frå heile fylket. Dette for å motivere og kome i gang med implementering til alle kommunane og sjukehusavdelingane. Vi hadde ny samling i 2019 for same gjengen. Her fikk vi dele erfaringar så langt. Alle kommunar har tatt verktøyet i bruk, men det varierer frå kommune til kommune i kor stor grad. Tilbakemeldinga på vårt arbeid var svært gode. Mellom anna vart det sagt at denne arbeidsmåten er svært praksisnær, den involverer fatlegane i stor grad, og ein nyttar dei system som vi har tilgjengelege frå før. Pasienten – kva er viktig for deg og brukarmedverknad er hovud fokuset.

Vi er no i gong med seminar med undervising, dialog og refleksjon om palliativ plan på alle sjukehusa. Dette er eit samarbeid med gruppa for eldre multisjuke. Målgruppa her er sjukepleiarar. Vi har også hatt same opplegget for medisinske legar. Det er eit mål også å ha undervisning for dei kirurgiske fagmiljøa om palliativ plan.

Arbeidet med palliativ plan fikk tildelt Fylkesmannen sin omsorgspris for Møre og Romsdal 2018.

Heile rapporten er vedlagt årleg melding. Meir informasjon om palliativ plan, prosedyrer og informasjonsfilm m.v. finn du [her](#)

## 5.7 Koordinerande einingar (KE), individuell plan og koordinator

Arbeidsgruppa bak handlingsplanen for individuell plan, koordinator og koordinerande eining er fortsatt aktiv. I 2019 blei det utarbeida og gjennomført ei spørreundersøking i kommunane og seksjonane i helseføretaket om tiltaka i handlingsplanen blei følgt opp. Vi fikk svar fra 19 kommunar og 12 seksjonar frå helseføretaket. Det som var ein tydelig mangel både i HF og kommunane var kontinuerleg opplæring av IP og koordinator. Det er etablert ei idegruppe som skal komme med forslag til ein felles opplæringspakke.

### Nettverksmøter

KE i helseføretaket har ansvar for å drive nettverksmøter med KE i kommunane i fylket. Målet er støtte og fagutvikling. Samlingane går på omgang i kommunane. Kommunen og HF har ansvar for program for dagen. Samlingene har fokus på erfarings og fagleg påfyll. Nettverket har samling ein gong i året. Det er eit nettverk for Nordmøre og Romsdals kommunane og eit for kommunane på Sunnmøre.

### Samarbeidsmøte med KE i kommunane og helseføretaket

KE i kommunane ønsker eit tettare samarbeid med seksjonar i HF. Vi i koordinerande einingar i kommunar og helseføretak arrangerte ei konferanse i samarbeid med Fylkesmannen med fokus på barn og unge med oppfølgingsbehov, 30. oktober i Ålesund Rådhus. Det er ønskjeleg å halde fram med desse treffpunktene, der ein spissar problemstillingar og inviterer deltakarar som jobbar akkurat med aktuelle problemstilling.

## **Regionale samlingar**

Det blir gjennomført faste møter med mellom KE i føretaka og regional KE (3-4 møter i året). I tillegg har KE har eigne skypemøtar ved behov. Det har vore mykje fokus på Helseplattformen i 2019.

## **Koordinerande eining i helseføretaket**

KE i helseføretaket er lite synleg. Mange veit ikkje kva funksjonen inneheld, kor er å finne og kvem har denne rolla. Det har vore vanskeleg å få innpass for å bistå seksjonane.

Rådgjevar ved koordinerande eining meiner at kunnskapen om individuell plan/koordinator er for lav. Få pasientar får tilbod om IP/koordinator i HF, sjølv om dei har rett på det.

## **5.8 Barn som pårørande (BSP)**

Hensikta er å ivareta barn sine behov når barn og ungdom er pårørande, at barn skal få informasjon og nødvendig oppfølging samt heilheitlege og koordinerte tenester.

Eit av våre hovudmål er leiarforankring og kvalitetssikring i arbeidet med BSP. Arbeidet med BSP har blomstra etter at det har vart etablert ei **styringsgruppe** med leiarar frå alle aktuelle klinikkar i Helseføretaket, brukarrepresentant og ungdomsrådet. E-læringa «Barn som pårørende» har blitt obligatorisk for alt helsepersonell i helseføretaket og vi har utarbeida ein sentral opplæringsplan som ligg i EQS.

Vi har anbefalt Internrevisjon i klinikk for Psykisk Helse og Rus og Klinikk for medisin og rehabilitering i 2020.

«Barn som pårørende dagen» er ei årleg begivenhet der barneansvarlege i Helse Møre og Romsdal informerer foreldre, barn, tilsette og den vanlige mann i gata om tilbodet sjukehusa har til barn og ungdom med foreldre og søsken som er alvorleg sjuke. Ein dag i løpet av uke 17 blir dagen markert og for 2020 blir datoен fredag 24. april. I 2019 blei dagen markert ved at barneansvarlege sto på stand ulike stadar i sjukehusa, DPS og på kjøpesenter med god respons. Det blei skreve ein artikkel om hendelsen som blei lagt ut på Helse Midt Norge sine nyheitssider.

Vi arrangerte vår lokale fagdag for barneansvarlege og deres leiarar i Molde 28. mars der fokuset var frå « Bekymring til handling».

4. november var vi medarrangør på Regional konferanse for barneansvarlege i Stjørdal . HMR deltok både som foredragshaldar og publikum.

Ein god møteplass er nettverksmøta som leiar for Barneblikk og barnekoordinator har ansvar for. Disse møta blir arrangert lokalt i Volda, Ålesund, Molde og Kristiansund. Dette er gode møter der vi tek opp konkrete problemstillingar som barneansvarlege kan stå i.

BSP inviterte til teaterførestilling før jul i Ålesund, Ørsta Molde og Kristiansund. 33 personar fekk oppleve «Fantasireperatørene», ei forestilling for heile familien.

Overordna samhandlingsutval (OSU) har satt ned ei gruppe med representantar frå ulike kommunar i fylket, sjukehuspresten ved Ålesund sjukehus og barnekoordinator i helseføretaket. Gruppa skal kome fram til ei skisse om korleis ein samarbeider om å ivareta mindreårige som er etterlatte etter

foreldre eller søsken. Skissa skal sei noko om korleis ein kan registrere målgruppa og kva for tiltak ein skal samarbeide om og kva som er eit særansvar.

Barnekoordinator deltek på **regionale** (ca. 4 gonger pr. år) og **nasjonale** samlingar (Barns Beste 2. g. pr. år) Her blei det jobba med faglege spørsmål, nasjonale fagprosedyrer, regionale konferansar, lovverk, dokumentasjon, utviklingsarbeid m.m. Det er mykje fokus på Helseplattformen.

## 5.9 Pårørande og pasientopplæring

### Lærings- og mestringssenteret

Å sikre best mogleg pasient- og pårørandeopplæring til flest mogleg er målet til Lærings- og mestringssenteret (LMS) i helse Møre og Romsdal. I 2019 har klinikkane i helseføretaket, ulike brukarorganisasjonar og ansatte ved LMS i samarbeid arrangert 58 kurs- og gruppetilbod for pasienter og pårørande med ca 970 deltakarar.

#### **1. Støtte utvikling av pasient- og pårørendeopplæring i kommunehelsetenesten gjennom samhandlingsnettverka for læring og meistring.**

LMS har hatt to møter med kvart samhandlingsnettverk rundt sjukehusa Molde, Volda og Ålesund. Nettverka har fagutvikling på alle møter i tillegg til å arbeide for konkrete tilbod/prosjekt/fagdagar.

#### **2. Samarbeid med kommunane om utvikling av kompetansehevande tiltak innan helsepedagogikk.**

LMS har ferdigstilt regional rammeplan i helsepedagogikk, desember 2019. Dette har vore eit regionalt samarbeid der både helseføretak, kommunar og brukarar har vore involvert i arbeidet.

#### **3. Bidra til etablering av arenaer for nettverksbygging mellom tilsette i kommune- og spesialisthelsetenesta som jobbar med læring og meistring.**

«Minoritetshelse og diabetes type 2» -eit prosjekt i samarbeid mellom ulike etatar i Molde kommune; Frisklivssentralen, Molde Flyktninggetjeneste og Voksenopplæringsenteret i Molde, samt Helse Møre og Romsdal ved Medisinsk poliklinikk, Molde sjukehus og Lærings- og mestringssenteret. Målet er å gi auka kunnskap i førebygging og generelt om diabetes type 2 til elevar i introduksjonsprogrammet i Molde kommune.

Lærings- og mestringssenteret har i samarbeid med Høgskolen i Volda, helseføretaket og kommunane i Sjustjerna arrangert ein fagdag for helsepersonell om KOLS, 80 deltakarar.

Lærings- og mestringssenteret har i samarbeid med Friskliv og mestring i Kristiansund kommune, FFO (Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon) og SAFO (Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar) arrangert ein temakveld om «Mestring når livet byr på utfordringer» - foredrag med Dagfinn Enerly og kona Mona Enerly, 400 deltakarar.

I høve revisjon av samarbeidsavtale, så har Lærings- og mestringssenteret leia ei arbeidsgruppe som har utforma eit forslag til delavtale 5, om helsefremmande og førebyggande arbeid. Arbeidsgruppa har bestått av representantar frå kommunar i Møre og Romsdal, brukarrepresentant og tilsette i helseføretaket.

**Barneblikk:** Ressurs for opplæring av pasientar og pårørande ved at Jan Ole Bolsø har delteke i arbeidet med Barneblikk. Barneblikk er eit lavterskeltibod for gravide og småbarnsforeldre som slit med utfordringar innan rus og psykisk helse. Eit samarbeid mellom kommunar og helseføretaket.

I 2019 blei det starta eit samarbeid om utvikling av «Shared reading» - der Regional ressurs for opplæring av pasientar og pårørande initiererte eit arbeid saman med kommunane på Søre Sunnmøre, Høgskulen i Volda og Fylkesbiblioteket.

Personsentrert og helhetlig tjeneste, T2D

Dette er eit prosjekt initiert av Helseinnovasjonssenteret og Lærings- og mestringssenteret. Ein har fått midlar frå Stiftelsen Dam (tidligare Extrastiftelsen) i 3 år for å samarbeide om utvikling av ulike tilbod for personar med diabetes type 2. Dette er eit samarbeid mellom Helseinnovasjonssenteret, Diabetesforbundet, helseføretaket, NTNU og andre aktørar.

Kurskatalog for inneverande år som synleggjer tilboda innanfor pasient- og pårørande opplæring er å finne [her](#)

## 5.10 Digital samhandling. Status for tiltak i 2019

### Dialogmeldingar for ikkje-innlagte - Beidis

Det er i 2019 etablert utvida bruk av dialogmeldingar også for pasientar som ikkje har døgnopphald i sjukehus. Det er i hovudsak kommunikasjon mellom sjukehusleger og fastlegar, men dei fleste helsepersonellgrupper er inkludert. Dialogmeldingar nyttast når pasienten allereie er kjent og når det ikkje er hast. Tiltaket vart godt mottatt, og ein nådde målsetting om 7000 meldingar i oktober 2019. Ved utgangen av året var ein komme opp i 11 240 meldingar.

### Krav til innhald og kvalitet i e-meldingar

Det er utvikla og implementert regional standard for innhald og kvalitet i E-meldingar mellom kommunar og helseføretak pr pleie- og omsorgsmeldingane. Strukturen er på ulikt vis implementert i både sjukehusjournal og kommunale journalar.

### Helseplattformen

Digital samhandling er noko av det Helseplattformen skal bidra til i stor grad. Det har likevel ikkje lukkast å finne tangeringspunktet som Digitalt fagråd skal ha mot Helseplattformen, dette trass iherdige forsøk. Ein har likevel von om å etablere eit slikt samarbeid i året som kjem.

### Tenestebasert adressering - nasjonal aksjon

I 2019 vart det etablert at alle sjukehusa sender brev og epikriser frå det fagområdet der pasienten er/har vore, det har tidlegare vore sendt frå ei teknisk fellesadresse. Dette gjer det lettare å kommunisere med dialogmeldingar før og etter innlegging, og ikkje minst ved poliklinikk og dagbehandling. Kommune og fastlege kan no svare på ei epikrise med forespørsemelding og adresseringa er i samsvar med der epikrisa kom ifrå. Tjenestebasert adressering er innført i HMR.

### Digital fødselsepikrise

Sidan alle helsestasjonar i M&R fekk digital samhandling i 2018 kunne vi lett etablere digital fødselsepikrise til alle kommunar. Denne sendast til helsestasjon same dag som den nyfødde reiser heim. Det er også etablert at Fødeavdelinga i Volda kan sende fødselsepikrise til barsel ved

Nordfjordeid sjukehus, kjent som *God start*. Dette er den første adressa frå sjukehus i HMN til sjukehus i ein annan region som ein kan kommunisere helseopplysingar på.

### **Digital samhandling med legevakt**

Det er framleis kommunale legevakter som ikkje har tenestebasert adressering og eigen journal. Alle kjende kanalar er brukt for å kome rundt dette, men kommunane kan og skal bestemme dette sjølv. Fagråd for digital samhandling har no lagt bort fokuset på dette og ventar på at andre og høgare makter sørger for at det kan kome på plass. Det skal ikkje vere vanskeleg å stille med bistand når det blir aktuelt.

### **Digital samhandling under press frå uventa hald**

Samarbeidet om digital samhandling vart stekt truga av at finansiering av KomUt forsvann som ved eit trylleslag ved nyttår, og ein var usikker på om det ville vere ressursar til å drive dette viktige arbeidet vidare. Regionalt såg vi at vi miste sentrale folk på grunn av usikkerhet. Etter mykje om og men har no KS e-komp «gjenoppstått» som skal ivareta delar av dette, men med mindre fokus på e-meldingar. Vi vil likevel kunne fortsette dette viktige samarbeidet, sjølv om vi fekk eit kraftig skudd for baugen. Det er svært uheldig at det blir skapt slik usikkerheit frå styresmaktene.

## **6 Praksiskonsulentordninga**

Praksiskonsulentordninga (Pk) i Møre og Romsdal er eit «spleiselag» mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane der ein i fellesskap finansierar ei 130% stilling. Ein har knytta opp 20% stilling til kvart lokalsjukehus og nyttar 50% til stilling for leiari for praksiskonsulentordninga som jobbar opp mot alle sjukehusregionane .

Hovudoppgåvene er å jobbe med pasientovergangar frå kommunehelsetenesta og til spesialisthelsetenesta. I Møre og Romsdal er der 265 fastlegar og dei er disse som «overflytta» pasientar frå kommune til Helse Møre og Romsdal gjennom søknadar om elektive vurderingar og legger inn for øyeblikkeleg hjelp vurderingar. Denne gruppa er både «Portåpnar» og «Portvokter» mellom kommunane og HMR.

Der skjer no endringar i klinikksstruktur, færre kommunar og reforhandling av samhandlingsavtala kan føre til at det kan kome endringar omsyn til korleis ein skal jobbe som praksiskonsulent. Kor mykje skal skje i «klinikks» og kor mykje skal skje på leiarnivå? Innføring av Helseplattforma vil også kreve mykje ressursar. I dei nye Helsefellesskapa skal allmennlegane ha ei aktiv rolle og praksiskonsulenter vil fylle mange av disse rollane .

Pk har delteke på dialogmøtane som representantar for fastlegane. Praksiskonsulentleiar er fast medlem i Overordna samhandlingsutval. Praksiskonsulentane sit i kvar sitt Lokale samhandlingsutval som representant for 50-70 fastleger i eige område .

I 2019 har etablering og arbeid med behandlarfagråd vore viktigaste oppgåve. Ein har sett fokus på «Møteplass Møre og Romsdal» dokumentet, blir kontinuerleg evaluert av behandlarfagrådet. Ein har hatt fagmøter/fastlegemøter i alle 4 lokalsjukehusområda. Disse møter blir kalt «Nytt og nyttig møter». Ein har delteke i leiarmøte i fleire av klinikkane for å sette samhandling mellom fastlegar og

HMR på dagsorden. Ein deltek i LIS opplæringsveke 2x per år og ein tek no inn kommuneoverlegar i denne undervisninga. PK deltar som «konsulentar» når informasjon skal ut frå HMR til fastlegane. Pk jobbar med vidare- etterutdanning av fastlegane slik at der er nok kurs, hospiteringsplassar og utdanningsstillingar for ALIS .

For 2020 blir viktigaste nye oppgåve å vere med å sikre at allmennlegane blir med på å bygge opp helsefellesskapa, vidareutvikle behandlarfagrådet og sikre riktig bruk av «Møteplass Møre og Romsdal» - dokumentet.